



Andreas Hundvin
Hundvinsvegen 116
5956 HUNDVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2410 - 19/487

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
09.01.2019

Oppheving av avvisingsvedtak - gbnr 56/9 Hundvin

Tiltak: Riving og oppføring av bustad
Byggjestad: Gbnr: 56/9
Tiltakshavar: Andreas Hundvin
Ansvarleg søkjar: Byggmester Henning Gartz AS

Delegert sak nr.: 015/19

Vi viser til klage datert motteken 10.10.2018 og til telefonsamtale 04.01.2019.

I vedtak datert 20.09.2018 vart søknad om riving av bustad og oppføring av nytt våningshus avvist, då tilkomst til eigedommen ikkje er dokumentert sikra i samsvar med plan- og bygningslova § 27-4.

På bakgrunn av dei opplysningane som kjem fram i klagen og det som vart opplyst i telefonsamtale med tiltakshavar er det grunnlag for å ta søknaden til handsaming då det ligg an til ei snarleg løysing kring vegtilkomsten til ny bustad. På bakgrunn av dette vert vedtak om avvising av søknad oppheva, og søknaden tatt til handsaming med ein ny frist for dokumentering av vegløyning, jf. avsnittet under om vidare saksgang.

Vedtak :

Med heimel i forvaltningslova § 33 2.ledd opphevar Lindås kommune vedtaket datert 20.09.2018 om avvising av søknad om riving og oppføring av bustad.

VIDARE SAKSGANG:

Alternativ vegtilkomst

Vi sender framlegg til vegtilkomst og avkjørsle frå Advokat Bjørn Liabø, motteken 15.05.2018, over til Vegavdelinga og Landbruksavdelinga til uttale, for å få signal om korvidt dette er eit alternativ å arbeida vidare med.

Søknad om avkjørsle etter veglova

må sendast inn av brukar(ar) av vegen med oversikt over eigedommane som skal nytta avkjørsla.

Søknad om løyve til etablering av veg

kan sendast som endring av innsendt søknad frå ansvarleg søkar, eller som ein separat søknad frå eit veglag.

Ny frist for dokumentering av vegløyving

med privatrettslege avtalar og samtykke frå Statens vegvesen vert sett **til 30.06.2019**.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Forslag til alternativ tilkomst veg for gbnr 56/9 m fl over gbnr 56/12 Hundvin - 56/9 Hundvin

Kopi til:

Andreas Hundvin	Hundvinsvegen 116	5956	HUNDVIN
Byggmester Henning Gartz AS	Øvre Remaveg 15A	6057	ELLINGSØY

Mottakarar:

Andreas Hundvin	Hundvinsvegen 116	5956	HUNDVIN
Byggmester Henning Gartz AS	Øvre Remaveg 15A	6057	ELLINGSØY